

Ein god kamerat er borte

Sjølvsom mange av oss såg kva veg det bar, var det tungt å ta imot bodskapen om at byggmeister Øyvind Skogen var død 11. mars.

AV HARALD GJØSÆTER PÅ VEGGE AV STYRET I ASKØY SEILFORENING • Segling var for Øyvind meir enn ein hobby, det var ein lidenskap. Som mangeårig medlem i Askøy Seilforening var han ein av dei ivrigaste regattaseglarane i distriktet, og truleg den mest-vinnande.

Som skipper på Banner 28 «Nikita» i meir enn 30 år, vann han det meste han deltok i. Ingen veit nøyaktig kor mange premiar han har vunne i sin karriere som seglar, for premiar delte han raust med menneskapet sitt. Men nokre hundre premiar har det blitt opp gjennom åra.

For Øyvind var det ikkje talet på premiar på hylla som betydde noko, men det å segla, og det å vinna. Han meistra det som var av vind og ver.

Var det lett vind, «Bannerføre», var Nikita som oftast i front. Men bles det «stikker og strå» var han gjerne først då også. Om då ikkje båten vart slegen over ende og gjekk til botnar, slik det skjedde under ein vinterseglas for nokre år sidan.

Om Øyvind tok skrekken etter det? Ikkje i det heile. Han fekk båten heva og tømd for vatn, og segla så heim. Han fekk støypt seg



GISKE BERLAND

ein djupare kjøll og skifta det som måtte skiftast av rigg og utstyr, og så var «Nikita» god som ny.

Øyvind var ingen høg-røysta mann. Eller for å bruke eit maritimt bilete: Han drog ikkje opp mykje heksjø etter seg der han fór. Men han hadde store kunnskapar, og sine meningars mot.

Regelboka kunne han, og kom gjerne med eit hint til den som la ei skeiv startline eller fomla med startflagget. Men alltid hadde han eit glimt i auga. Som dyktig handverkar deltok Øyvind i oppbygginga av Askøy Seilsportsenter, og tok i fleire rundar eit tak som tillitsvald i foreininga.

Han leid ikkje av trefot-sjuka, så medan mange kjøpte seg nyare og større båtar, heldt Øyvind seg trufast til sin 28-fotar, som han kjøpte som halvfabrikata og monterte sjølv i 1986. Før denne hadde han ei Grimstadjolle i mange år, og segla sidan han var gutunge i ulike typar jollar. Øyvind vil bli sakna.

STILLFAREN OG RAUS: Øyvind Skogen hadde store kunnskapar og sine meningars mot.

Sjølvsagt mest av si kjære Åshild, ektefelle og medseglar gjennom meir enn førti år, tvillingane sine og dei to barnebarna. Men også av oss i Askøy Seilforening, som har mista eit mangeårig medlem, ein god kamerat på bryggja og ein nesten uslæleg konkurrent på fjorden. Han la ut på si siste reise kledd i segldressen sin, den dressen han treivst aller best i.



GISKE BERLAND

FRA 1986: Øyvind Skogen seilte fortsatt sin Banner 28 «Nikita».

Alt går i bølger



Det eg vil skriva om denne gongen handlar ikkje om dei bølgiene vinden skapar på sjøen, men snarare om konjunktur; opp- og nedturar, med- og motgangstider.

Foreininga vår opplever for tida mykje positivt. Kanskje særleg når det gjeld Melges-miljøet, som er veksande og velfungerande.

Men også på Yngling-sida er det teikn til ny giv og vilje til satsing, som me håpar skal føra til auka deltaking

på torsdagstreningar og regatta. Her vil me prøva å få tak i ein trenar som kan auka kunnskapane hos seglarane og gi dei regattatrening.

Men når det gjeld jolle-arbeidet i foreininga, så er det langt nede i ein bølgedal for tida. Ingen ting er meir utsett for skiftande konjunktur enn jollesegling. Det kan vera mange årsaker til dette. Ungar går gjerne i flokk, og om nokre leiarfigurar finn ut at det er meir spanande å spela fotball enn å segla, så er gjerne heile flokken snart på veg ut.

Gode trenarar som finn ein høveleg balanse mellom leik og alvor, og som inspirerer dei med ambisjonar om å strekkja seg litt ekstra, er også gull verdt. Og ikkje minst trengst det eldsjeler, som har glød til å stå på og leia miljøet over tid, sjølv om deira eigne born kanskje for lengst har teke steget over i større båtar.

Om nokon som les dette tenkjer at dette jammen er noko eg har lyst til å driva med, så ta gjerne ein telefon.

Men så tenkjer eg også at me ikkje skal få panikk om ikkje noko revolusjonerande skjer på jollefronten i år eller til neste år. For alt går i bølger.

Harald Gjøsæter, styremedlem sport

Hjeltefjordtrimmen 2018

Når dette leses er allerede første regatta i Hjeltefjordtrimmen 2018 arrangert.

AV FRANK NYHEIM • Men i skrivende stund gjenstår det enda noen detaljer før seilingsbestemmelser er kommet på plass. Som kjent er serien et samarbeid mellom Askøy Seilforening og Ran Seilforening, og da er det jo også flere parter som skal enes om et opplegg.

Men vi har begge foreninger et felles mål om at Hjeltefjordtrimmen skal være et tilbud for alle. Det skal være et lavterskeltilbud for å seile

regatta, og det skal passe både for en som aldri har deltatt i regatta før, samtidig som den skal gi trening, konkurranse og utfordringer også for den mer erfarne seiler.

Dette er tidvis en vanskelig kombinasjon. Men om du som er helt ny setter deg litt inn i grunnleggende regler, og dere som er erfarne viser litt hensyn og forståelse om båten du er i en vikesituasjon med er en båt du aldri tidligere har møtt på fjorden, går det fint.

Regler er til for å følges, men om dere hjelper nybegynnere med en hyggelig og

informativ beskjed i stedet for kjefte, er det større mulighet for at nybegynneren også dukker opp igjen på neste tirsdag.

Vi har hatt en nedadgående trend med deltagende båtar på regattaen, men likevel er Hjeltefjordtrimmen en av de største seriene på Vestlandet. Og vi har mange tirsdager flere båtar på fjorden enn hva som er tilfellet for enkelte av de mere etablerte helgerregattaene i fylket. Dette viser at det ofte er enklere å prioritere en tirsdagskveld etter jobb enn en helg hvor mange aktiviteter kjemper om fritiden vår.

Fra Askøy Seilforenings side håper jeg vi ser flere nye, men også alle kjente, gamle seilere på fjorden denne sesongen. På bryggekannten har jeg i alle fall møtt to seilere som har ambisjonar om å være med for første gang. Og således håper jeg å se både en Contrast og en X-99 som debutanter på Hjeltefjorden denne sesongen. Og husk at alle kan være med å seile en slik regatta uansett hva slags tur- og hav-båt de har.

Også på arrangørsiden er det litt endringer i hvem som har mulighet å være med å arrangere. Men det er

særdeles positivt å melde at det har vært enkelt å erstatte de medlemmene som går ut med nye.

Også på arrangørsiden er det medlemmer som aldri har gjort dette før. Men med litt forberedelser, for eksempel å være med en annen båt, og god veiledning, er jeg sikker på at dette skal gå bra. Og for å toppe det hele, har vi jo for første gang tilgang på en sikrings- og startbåt slik at vi slipper å benytte egen seilbåt for å arrangere.

Jeg håper å se deg på fjorden i Hjeltefjordtrimmen 2018 kommende tirsdag.

NYTT FRA ASKØY SEILFORENING • ASKØY-SEILFORENING.NO



OLE J. BIRKELAND